

2. KLASSE. GRUNNSTUDIER

Emnenamn: Andre studieår BAS

Emnekode: År 2

Studienivå: Syklus 2

Studiepoeng: 60 studiepoeng/ECTS

Undervisningssemester: haust og vår

Emneinnhald: Enkle prosjekterings- og byggeoppgåver med reelle klientar, og oppdrag, ulike program

Undervisningsspråk: Norsk (einskilde kurs kan vere på engelsk)

Forkunnskapskrav: 1. klasse ved BAS

Om året generelt:

Året handlar om DU. Studentane vert introdusert for den andre, klienten. 2. år har også ein grundig introduksjon til material, bruk og eigenskaper

Studiet dette året gjeld særgrupper som arkitekten må identifisera seg med. Året har 5 ulike hovudoppgåver og studentane møter ulike grupper/klienter med sine ynskje og behov. Det gjeld identifisering, synleggjering, manifestering og å imøtekoma deira ulike elementære behov. I dette året inngår ein større og samansett studietur, utanom dei reiser og feltstudiar som vert gjort i dei ulike oppgåvene. Oppgåvene vert supplerte med parallelle kurs i teknikk og teknologi som vert integrerte i prosjekterings- og planleggingsoppgåvene.

Kursa i 2. år er satt saman av dei fire faglege hovudområde APP arkitektur - prosjektering og planlegging, TTA teknologi - husbyggingsteknikk og administrasjon, DAV- frie kunstfag og - uttrykk og KTF kompletterende teoretiske fag.

APP skal gje ein almen introduksjon i arbeidet som arkitekt, med referansen du. TTA skal gi innsyn og allsidig erfaring innan teknologi - ikkje for å greia matematisk utrekning av dimensjonar, men for å kunne sjå og vita kva ulike konstruksjonar og materialoppbyggingar står for.

KTF skal gje ei vidare innføring i bygningshistorie, landskap, klima og økologi. Undervisninga i desse faga er tett knytt til APP-kursa og vert undervist i stor del på felt.

Til kvart kurs får studentane ein kursplan som inneheld oppgåve, og praktisk informasjon.

Materialkurs: Erfaringsbasert og teoribasert kurs i lauvtre, metall, stein, tegl

verktøyskasse: Prosjekterings- og modellarbeid med fokus på samanføyningar

Klimakammer: Prosjekteringskurs med reell klient

Den andre/Klient: Prosjekteringskurs med reell klient

Akustikk: Erfaringsbasert og teoribasert kurs

Bufellesskap: Prosjekteringskurs

Studietur: med fokus på å sjå og reflektera, byplan og buformer

Byggekurs: Realisering av Klimakammer og klientkurs

Læringsutbytte:

Studentane skal gjennom andre år på studiet ved BAS:

- lære å forma brukssituasjonar og rom for andre enn seg sjølv og likesinna
- lære å identifisera seg med ulike interessegrupper, ulike brukargrupper
- forstå og forma etter deira behov
- øva seg i å få brukarane til å verta subjektet
- øva dialog med brukarane
- Praktisk kjennskap til dei vanlege byggemateriala, tre, glas, betong, mur, metall,
- Tradisjonelle formingsprinsipp og materialbruk for innlandet og kysten,
- Teknologi skal gje problemforståing, dei tekniske spørsmåla, økonomi og administrasjon og gjennomføring av byggeoppgåva.
- å forstå verkemåten til bygningar og bygningsfysiske løysingar
- Kunnskap om elementær fysikk og statikk; bæreevne og ulike kraftoverføringar
- tekniske kurs om lys, lyd og luft,
- dei teoretiske faga skal gje eit breitt teorigrunnlag, ei vitskapleg innføring i fagområdet som gjeld det fysiske miljøet, det sosiale miljøet, i kultur- og arkitekturhistoria og i filosofi. Studia skal gje eit forståingsgrunnlag og ei innføring i metodisk tolkning, i tillegg til skrivetrening

Arbeidsmåter og praktisk organisering

Som studiemåte legg BAS stor vekt på arbeid ute i felten på skissering og bygging i full målestokk, og på ein brei og personleg kontakt med samfunn og personar med praktisk erfaring og særskild kunnskap, aktuelle for arkitekten sitt fag og innsyn. Førelesingar, teoriseminar, feltstudiar, studietur, litteraturstudiar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.

Praktiske øvingar, formingsøvingar og framstillingsoppgåver.

Prosjektering, utforming gjennom skissering i teikning og modellar og i full målestokk, på staden. Samtalar med brukargruppe/interessegruppe. Situasjonsanalysar.

Bygging i 1:1, fullskala. Klårgjering for vising til andre, i teikningar og modellar.

Studentane har eigen prosjektsal med individuelle arbeidsstasjonar og nyttar jamvel skolens verkstader.

Obligatoriske krav

Alle kurs er obligatoriske.

Introduksjonar, førelesingar, gjennomgangar og rettleiingar er obligatorisk. Ut over dette skal studentane jobbe på salen minimum 50 %. Studentane er sjølv ansvarleg for eige oppmøte. Fråvær skal meldast hjelpelærar.

Innleveringar: kvart kurs vert avslutta med ein intern gjennomgang kor studentane presenterer det materiale ein har produsert i løpet av kurset, det vere seg modell/ar, teikning/ar eller anna. Spesifikke krav til for eksempel omfang, skala, teikning/modellar vil stå i det einstilte kursprogram.

Alle kurs skal evaluerast av studentar og lærarar som ein del av skulens kvalitetssikrings- og kvalitetsutviklingssystem.

Vurdering/karakterskala

På kvart kurs får studentane ei rettleiande, intern vurdering som gjeld det einstilte kurset. Tilbakemelding gis munnleg på siste gjennomgang. Studentane får ei skriftleg tilbakemelding for dei lengre kursa.

Kriteria for vurdering og godkjend kurs dekkjer både kunnskap og tileigna fagleg erfaring, metodisk arbeid og innsyn, og haldning til faget. Grunnlaget er deltaking, innleverte individuelle og felles arbeidsoppgåver, og presentasjon av desse. Ved ikkje tilfredsstillande progresjon/innsats/nivå/deltaking må studenten supplere, eventuelt ta kurs eller deler/heile semester på nytt.

Året vert avslutte med eksamen, ein total og formell evaluering av arbeid stilt ut og presentert frå heile 1. og 2. året av eksterne sensorar. Eksamen vert vurdert til karakteren bestått/ikkje bestått. Bestått eksamen er grunnlag for å kunne starte i 3. klasse.

Sjå: 'Retningsliner for masterstudiet ved BAS' for meir informasjon.

